

Elevreglement ved Fjell kulturskule

Undervisning

1. Den årlege undervisninga for Fjell kulturskule følger skuleruta for Fjell kommune, som er på 38 veker. Undervisninga føregår til vanleg på de fem første vekedagane, men kan i somme høve bli lagt som helgeseminar. Undervisningsåret er delt i to semester, eit haust- og eit vårsemester. Kulturskulen har dei same fridagar, feriedagar og planleggingsdagar som grunnskulen.
2. Konsertar m.m. er ein del av undervisninga ved Fjell kulturskule . Eleven har difor plikt til å delta på slike etter avtale med lærar.
3. Dersom ein elev må vere borte frå skulen meir enn to undervisningstimar, skal eleven gi melding til skulen.
4. Ønskjer eleven og/eller føresette å ta opp saker som vedkjem undervisninga, skal dei gjere dette gjennom læraren først.
5. Eleven har plikt til å møte presis og vel førebudd til timen
6. Elevane må til kvar tid rette seg etter det ordensreglementet som gjeld på den skulen der undervisninga finn stad.

Elevplass

7. Søknad om opptak skal føregå skriftleg på skjema og sendast til Fjell kulturskule. Fjell kulturskule tar atterhald om at enkelte kurs kan falle ut.
8. Dersom det er fleire søkarar enn skulen kan ta opp, vil det bli tatt omsyn til:
 - ansiennitet
 - alder
 - innsatsvilje
9. Ein elevplass ved Fjell kulturskule blir tildelt til ein elev ved eitt kurs. Eleven har då plassen inntil den blir oppsagt. Elevplassen kan ikkje overførast til ein annan person eller til eit anna kurs.
10. Dersom elev- og undervisningsreglement blir oversett, eller ein elev viser ei framferd som hindrar arbeidet i kulturskulen, kan rektor etter samråd med lærar utvise eleven for kortare eller lengre tid. Kontingenten blir ikkje refundert for elevar som er blitt utvist. Dei føresette skal på førehand ha blitt informert om saka, og dei kan anke avgjerda til samarbeidsutvalet (SU).

Betaling

11. Kontingent skal betalast på forskot. Dersom ein vil unngå å betale for ein ubrukt elevplass, må plassen seiast opp seinast 1. juli for hausthalvåret og 1. desember for vårhalvåret.
12. Elevane må sjølv kjøpe det materiellet dei får bruk for. Undervisning i større grupper som kor, korps o.l. kan vere unntatt frå denne regelen.
13. Ein kan ikkje rekne med å få refundert kontingent dersom ikkje tvingande grunnar hindrar eleven i å møte til timane. Desse grunnane kan vere lengre sjukdom (dokumentert med legeattest) eller flytting frå kommunen.
14. Det blir ikkje gitt moderasjon i kontingent for fridagar, feriedagar og planleggingsdagar. Det blir heller ikkje gitt moderasjon for timar som eleven ikkje brukar, og læraren er ikkje forplikta til å ta slike timar igjen.
15. Dersom timar blir avlyst av Fjell kulturskule, er skulen ikkje forplikta til å ta desse timane igjen seinare i semesteret. Timar som blir avlyst kan gi redusert kontingent dersom timane utgjer ein stor del av undervisninga.
16. Når særlege grunnar tilseier det, kan rektor for Fjell kulturskule gi heilt eller delvis gratis undervisning. Søknad om gratis undervisning skal sendast til Fjell kulturskule , og blir behandla konfidensielt. SU er ankeinstans i slike saker.
17. Formannskapet kan, i samband med budsjettbehandlinga, endre kontingentsatsane for andre halvår. I så fall blir det sendt ut varsel om dei nye satsane, med ein frist på 15 dagar for å seie opp elevplassen.
18. Manglande betaling blir behandla som oppseiing frå det tidspunktet den ubetalte fakturaen blir sendt til inkasso. Eleven misser plassen sin ved Fjell kulturskule frå same tidspunkt.

Oppseiing

Elevplassen kan berre seiast opp ved å vende seg direkte til administrasjonen ved Fjell kulturskule, munnleg eller skriftleg. Melding til lærar er ikkje gyldig oppseiing. Munnleg oppseiing blir stadfest skriftleg av Fjell kulturskule.